

Framlegg til forskrift om vern av Hesten naturreservat, Strand og Forsand kommune, Rogaland – Fylkesmannen i Rogaland 8.12.2017

Fastsett ved kongeleg resolusjonmed heimel i «Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvalting av naturens mangfold» (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med naturreservatet er å verna eit stort samanhengande, variert, lågliggende, høgproduktiv skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Fattig kystfuruskog er den dominerande skogstypen, og av denne er ein betydeleg mengd boreonemoral regnskog. I tillegg førekjem innslag av svartorsumpskog, lågurtskog og edellauvskog. Området er rikt på raudlisteartar, og mange av desse knytt til regnskog og fuktige baklier. Ein stor del av skogen må reknast som gammal med fleire store, hole eiker, og ut frå tilhøva i regionen er der ein betydeleg del daud ved.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr. i Strand kommune: 57/1, 57/2, 57/3, 57/5, 57/6, 59/1, 59/2, 60/1, 60/2, 63/16. I Forsand kommune: 1/1, 3/1, 4/1, 4/2, 4/3, 4/4, 4/5, 5/1, 5/2, 5/3, 6/1, 6/2, 6/3, 6/4, 7/1, 7/2, 7/3, 7/4, 7/5, 7/6.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 9294 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Strand kommune og Forsand kommune, hjå Fylkesmannen i Rogaland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (verneregler)

I naturreservatet må ingen gjera noko som skadar verneverdiane som er nemnde i føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerna planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetjing av dyr er forbode både på land og i vatn.
- c) Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endra naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombels innretningar, parkering av campingvogner, brakker e. l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte ureiningar, plassering av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4. (generelle unntak fra vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) Beiting på eit nivå som ikkje er til skade for fredingsformålet.

- d) Vedlikehald av eksisterande bygninger, vegar og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.
- e) Bålbrening med tørrkvist frå bakken eller med ved teken med inn i reservatet i samsvar med gjeldande loverk.
- f) Drift og vedlikehald, samt naudsynt istandsetjing ved akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg.
- g) Oppgradering eller fornying av kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnitt når dette ikkje skadar verneverdiane i verneføremålet nemneverdig.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom eksisterande vegar og sykkelsti viste på vernekartet er bruk av sykkel, hest og kjerre samt riding forbode.

§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemد og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemد, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskjøring.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vera skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før kjøring skjer.
- b) Naudsynt motorferdsel i samanheng med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsstyresmakta.
- c) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- d) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- a) Avgrensa bruk av reservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- b) Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- c) Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- d) Rydding og vedlikehald av eksisterande stiar.
- e) Gjenoppføring av bygningar, anlegg eller innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- f) Oppgradering eller fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4.
- g) Naudsynt motorferdsel i samanheng med drift, vedlikehald, oppgradering og fornying av kraftleidningar.
- h) Oppføring av gjerde i samband med beiting.
- i) Utsetjing av saltsteinar.
- j) Uttak av norsk gran og utanlandske treslag
- k) Naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 d og § 7 b, c, e, h, i og j.
- l) Opplag av båtar
- m) Avgrensa bruk av reservatet i samband med undervisning og vitskapleg forsking.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltingsstyresmakta kan gjera unntak frå forskrifta dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernet og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova§ 48.

§ 9. (*skjøtsel*)

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setja i verk tiltak for å oppretthalda eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10. (*forvaltningsplan*)

Det skal utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalda nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (*forvaltingsstyresmakt*)

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

§ 12. (*ikraftsetjing*)

Denne forskrifta trer i kraft straks.